

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.11.2020**

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samråystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet ser det som positivt og viktig for planlegginga i kommunen at Fjaler no får ein oppdatert kommuneplan.
2. Utviklingsplanen for Vestland sitt mål 2 set klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga. Fylkesutvalet meiner kommunen bør nytte føresegne meir til å setje vilkår for gjennomføring av tiltak, og som legg til rette for gode klimaomstillingstiltak
3. Fylkesutvalet ser positivt på at det er lagt til rette for råstoffutvinning gjennom planen. Områda RU1 og RU2 bør visast som omsynssoner for mineralressursar etter pbl § 11-8 c. Ei omsynssone vil ta vare på ressursen, samstundes som området kan nyttast i tråd med LNF-føremålet.
4. Areala til dei eksisterande akvakulturlokalitetane i sjø er vesentleg utvida. Fylkesutvalet støttar eit slikt grep, fordi det gir næringa meir fleksibilitet i høve drifta. Det bør gjennomførast konsekvensutgreiing for desse områda, for å avklare konsekvensane for andre interesser i områda rundt og i Dalsfjorden.
5. Kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare ressursar som skal takast vare på i ei heilskapleg miljø- og ressursforvalting. Planframlegget tar omsyn til kjende kulturminne og kulturmiljø ved nye arealføremål, og er ikkje i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne. Fylkesutvalet meiner likevel at planen i større grad må sikre freda og verneverdige bygg og kulturmiljø gjennom føresegner og omsynssoner. Dette er nærmare skildra i notat vedlagt saka.